

10

*SPENNANDE OG
FANTASIFULL*

Kobbs hus

Kobbs hus er eit mystisk hus som ligg for seg sjølv ute på ei øy. Daniela har eit viktig oppdrag på øya. For å klare det treng ho hjelp frå dei tre vennene Ask, Iris og Eik.

Saman møter dei rare, artige og livsfarlege utfordringar i Kobbs hus.

10

*MOROSAM OG
TREFFANDE*

Mamma på dass

Kva gjer du når du oppdagar at mor di er ein influensar som utan løyve har delt flaue bilete av deg i sosiale medium?

Ella og Omar finn ut at dei skal ta hemn. Dei lagar Instagram-kontoen «Mamma på dass» og let influensarmora smake sin eigen medisin.

10

*VARM OG
REALISTISK*

Stella står i det

Sjølv om Stella stort sett har det fint, blir ho stadig mint på at den stramme økonomien heime gjer at ho skil seg ut.

Bursdagsfesten er det som svir aller mest. Ho veit at om klassa kjem heim til dei, vil alle straks skjøne korleis situasjonen eigentleg er, både med mora og økonomien. Og det er ei avsløring Stella ikkje kan risikere.

10

*DRAMATISK
OG VARM*

Misty åleine

Hunden Misty lever eit trygt og godt liv saman med guten Ruben og familien hans, men når krigen i landet deira når fram til byen der dei bur, må dei flykta.

I kaoset kjem Misty bort frå menneska sine. Utstyrt med ein god nase og godt pågangsmot byrjar Misty dermed ei spennande reise på jakt etter Ruben og resten av familien.

10

*HISTORISK OG
ENGASJERANDE*

Rafarta

Vi er i tida rundt år 870. Den irske jenta Rafarta har nettopp rømt frå skipet til Bjørn Raudskjegg, ein brutal hovding som hadde teke henne til fange.

No er ho i Hirotha, irane sitt namn på Noreg. Korleis skal ho kome seg heim til Irland?

10

*INTENS OG
SPENNANDE*

Keisar Augustus

August er ein av dei ungdomane som alltid hamnar i trøbbel. På skulen blir han raskt peika ut som sydebukk av dei vaksne.

Etter ei alvorleg valdshending mot ein medelev tek mora ei avgjerd: Dei må flytte. Ho lovar August at dette blir siste gong – no skal dei få ein ny start.

10

*STERK OG TANKE-
VEKKJANDE*

Norsk kjærleik

Korleis er det å vere adoptert frå Korea til ein gard i Noreg?

Med eit lett tilgjengeleg språk skriv Brynjulf Jung Tjønn kvardagsleg og poetisk om store emne som kjærleik, rasisme, identitet og tilhøyrse.

Denne diktsamlinga er ein frittstående oppføljar til suksessboka *Kvit, norsk mann*.

10

*LEVANDE OG
LÆRERIK*

Barnas verdshistorie

Barna i verda har gjennom historia vore med på mykje spennande, farleg og interessant.

Gjennom levande historier og fakta frå verdshistoria reiser vi gjennom mange tusen år og høyrer om korleis barna har levd, leika, utvikla seg, lært nye ferdigheiter og tilpassa seg samfunnet elles.

10

*HUMORISTISK
OG SPENNANDE*

Overtrykk 2025

Denne samlinga
byr på fem artige
og spennande
teikneseriar.

I historiene kan
du møte ei snill
planteheks, ein hund
med superkrefter,
rølpete dusørjegerar,
ein mystisk fyrvaktar
og ei hulder som
jaktar gjenferd og
svindlarar.

10

*NÆR OG TANKE-
VEKKJANDE*

Flokken

Er eg ein del av
flokken? Det lurar
Juri på. I denne boka
følgjer me han i møte
med klassekameratar,
foreldre, lærarar og
folk han ikkje kjenner.

Her finst situasjonar
som alle kan kjenne
seg igjen i.